

1. Introduser temaet:

Alle barn treng å ha det trygt og godt heime, og slik skulle vi ønske det var. Dessverre så veit vi at det er ganske mange barn som opplever vald heime. Altså at nokon i familien slår, truer, sparkar, lugger eller slike ting. Det er ikkje lov, men det skjer heime hos ein del barn likevel.

Barn som har det sånn heime tør ofte ikke å fortelje om det til andre. Mange er redde for kva som vil skje om nokon får vite det. Det er viktig at familiar som har det sånn får hjelp til å få det bra. Men for å få det bra må dei som kan å hjelpe familiar få vite at det trengs hjelp i ein familie. Derfor er det viktig at barn fortel til oss vaksne på skulen, eller til helsejukepleiar eller andre vaksne ein stoler på, om er noko heime som ikke er bra.

I denne timen skal vi lære litt om vald. Det er viktig å snakke om sånne ting, derfor skal vi ha denne timen. Vi skal sjå litt film og snakke litt. Når vi ser filmar vil nokon kunne kjenne seg igjen eller vite om nokon som har det sånn. Da er det fint å kunne snakke om det, ikke mens klassa høyrer på, men aleine med nokon av oss vaksne etter timen, i friminuttet eller ein annan gong.



2. Kva er vald?

3. Sjå [Tema - Vold – 1. Voksne skal aldri slå \(Sesong 5\) – NRK TV](#) Om du synes filmen blir for lang for dei minste kan de eventuelt pause den og snakke saman før de ser vidare.

Sjå bilda etter filmen og snakk saman:



Ja det er helt naturleg å bli sint innimellom, så det er lov. Men man bør ikke bli for sint, eller vere lenge sint, og nokre gongar bør ein reparere etterpå.



Same som over.



Det å bli så sint er ein slags form for vald, og det er ikke bra for barn. Da bør vaksne få hjelp til å handtere sinnet sitt, og vere ein tryggare forelder for barna.



Nei, det er faktisk ikke lov uansett kor sint man er, eller kva som var lov og vanleg når ein sjølv veks opp.

Kvifor er det ikkje lov å bruke vold mot barn?



Det er fordi det kan skade barnet på forskjellige måtar. Ikkje berre fysisk der man får vondt, men også i tankar og følelsar og korleis ein får det no og seinare i livet.



Det er heilt vanleg å foreldre diskuterer og kanskje kranglar litt av og til, men barn har rett til å kjenne seg trygge. Så om krangling går ut over barnet må foreldre få hjelp til å snakke saman på betre måtar.



Her bør du tilpasse til det som er riktig på din skule. Når er helsejukepleiar tilgjengeleg, er der miljøterapeutar eller sosiallærarar eller andre som er ekstra godt eigna til å snakke med. I tillegg bør du nemne deg sjølv, og andre vaksne som dei kjenner og likar.



Minn barna om at det er viktig å fortelje når noko ikkje er bra nok heime slik at både barnet sjølv og andre i familien kan få hjelp. Andre veit ikkje korleis dei har det, og treng å vite om det for å kunne hjelpe.

4. Det er fint om elevane kan få halde på med ein individuell aktivitet før neste film. Elevane kan til dømes teikne bilde, teikneserie eller i bøker teikningar som skal vise at:
 - Alle barn har rett til å vere trygge
 - Ingen har lov å slå
 - Barn har lov å gjere feil
 - Det er lov å bli sint, men ikkje lov å slå

Vi oppmuntrar ikkje barna til å teikne ting frå eigne liv, men fokusere på det som er generelt for alle. Kanskje vil nokon likevel teikne frå eigne erfaringar, og det er greitt. I så fall fangar du det opp og hugsar å prate med eleven om teikninga så fort det let seg gjere der de kan prate trygt.

5. Sjå eventuelt denne også, men kun om du rekk å snakke litt om den når den er ferdig. Ikkje så filmen og send dei rett i friminutt. [CGI Animated Short Film: "Bruised" by Rok won Hwang, Samantha Tu | CGMeetup - YouTube](#)
 - Kva var desse merka på kroppen til jenta?
 - Kvifor ville ho ikkje at dei skulle vise?
 - Kva gjorde læraren når ho forstod?

Sei noko slikt til elevane etter filmen: «Eg trur at denne læraren prata litt med jenta etterpå. Jenta valde å fortelje til læraren kven som hadde laga desse merka på ho. Eg trur læraren forstod at dette var frykteleg vanskeleg for jenta å snakke om, og at ho var redd for kva som ville skje vidare.

Så snakka nok læraren med nokon andre vaksne på skulen, kanskje helsejukepleiar, for å finne ut kva dei skulle gjere for å hjelpe jenta. Dei ringte ikkje rett heim til mamma eller pappa og fortalte kva dei hadde funnet ut, for dei ville ikkje at mamma eller pappa skulle bli redde eller sinte på jenta. Men så fekk jenta hjelp. Nokon vaksne snakka med foreldra og fann ut kva dei kunne gjere saman for at jenta ikkje skulle bli slått meir, og for at alle i familien skulle ha det bra. Og jenta fekk også snakke med nokon snille vaksne om det ho hadde opplevd. Jenta var glad for at læraren hadde oppdagat blåmerka hennar, for det hadde vore vondt å oppleve dette og vanskeleg å halde det hemmeleg.»